

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 04.09.2007 **Tid:** 15.00-17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Audhild Olsnes

I staden møtte:
Helga Nygård

Andre som var tilstade på møtet: Ordførar Marit Aase, kulturkonsulent Tysseland, ass.adm.sjef Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. september 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent med tilleggsak:

0017/07: **Den kulturelle skulesekken – forlenging av planperiode.**

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Geir Markhus stilte spørsmål å få tatt ”jubileumsbilde” av Samnanger i samband med at Samnanger er 100 år. Inge Aasgard orienterte at Wiederøe tidlegare i 1964 har tatt bilde frå Samnanger. Det hadde vore verdifullt å ta bilde av ulike område i kommunen, for å sjå endringane. Utvalet slutta seg til prosjektet og ber Kulturkonsulenten ta kontakt med Inge og Geir for å vurdere om dette kan realiserast.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**Kulturkonsulenten orienterte om;**✓ **Plassering av ballbingen**

Berge frå fotballkretsen var invitert til møte i Oppvekst og Omsorg i Samnanger. Han meldte forfall til møtet og sendte over på mail, datert 04.09.07, synspunkt i ballbingesaka. Utvalet vart orientert om fotballkretsen sine tildelingskriteria og drøfta desse. Kulturkonsulenten orienterte om behovsanalyse i samband med søknad om nærmiljøanlegg.

Utvalet slutta seg til å lysa ut ballbingen på nytt med klare kriteria for søknaden. Utvalet handsamar saka på neste møte og vel endeleg plassering.

✓ **Rolvsvåg ungdomslag URD** har fått tildelt 500.000 i tippemidlar til grendahus.

✓ **Ættesoga** - Arbeidet med ættesoga går som planlagt og kjem ut på nyåret.

Ass.adm.sjef orienterte om:✓ **Status nye barnehagen på Gjerde.**

Byggjekomiteen skal ha møte no i kveld og slutte seg til endelege teikningar og framdrift. Geir stilte spørsmål om han ville vere medlem i byggjekomiteen når valperioden går ut. Det ”nye” kommunestyret tek stilling til det når medlemmer i ulike råd og nemnder vert oppretta. Vanleg er at byggjekomitear sitt ut prosjektperioden uavhengig av valbolken.

✓ **Status kulturplanarbeidet** – Planen vert starta opp med eit workshops-arbeid den 24. september.

✓ **Kulturutveksling** - elevar og lærarar frå Samnanger reiser til Sigowet den 9. september og skal i ei veke utveksle ulike danse-, sang- og leikar med elevane der nede. 50% av utgiftene vert dekkja av Fredskorpset og resten er avstette midlar frå BUK og opplæring i samband med internasjonalisering for pedagogisk personale. Elevane vil fortelje i kommunestyret sine opplevingar frå turen.

- ✓ **Status plan funksjonshemma** - kjem som sak til utvalet til neste møte. Planen er noko forsinka pga eigedomskjøp.
- ✓ **Orientering om småkraft innanfor ”dråpen” utdanning og forskning** – Ei administrativ arbeidsgruppe er no i kontakt med ei rekkje utdanningsinstitusjonar om korleis få til samspill med energi og undervisning i så vel barnehage og skule – ”VATN kreative krefter”
- ✓ **TV-aksjonen ”Sammen for barn”** – vil gå den 21 okt. Nemnda ønskjer å få med eit medlem frå utvalet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0016/07	07/00108 BARNE- OG UNGDOMSKOMMUNESTYRET. - NY ORGANISERING H-2007
0017/07	06/00405 DEN KULTURELLE SKULESEKKEN - FORLENGING AV PLANPERIODE.

0016/07

**BARNE- OG UNGDOMSKOMMUNESTYRET.
- NY ORGANISERING H-2007**

Framlegg til vedtak::

BUK vert endra til Ungdomsråd (UR). UR vert oppretta frå 2007 og medlemmene vert valt for 2 år av gangen.. UR har seks representantar og vert valt av elevar i 8-10. kl på ungdomssteget i Samnanger. Ordførar og Barnas representant er medlemmer med møte og tale rett i UR. UR vel sjølv sin leiar og sekretær for valperioden.

UR bør ha minst 4 møte i året og medlemmene får ei møtegodtgjersle på kr. 100 pr. møte.

Handsaming i møte:

Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg: Det skal vidare sjåast på korleis barnesteget framleis skal høyrast og orienterast i saker som vedkjem dei.

Det vart først røysta over tilrådinga, som vart samrøytes vedteke.

Deretter vart tilleggsframlegget samrøystes vedteke.

Vedtak:

BUK vert endra til Ungdomsråd (UR). UR vert oppretta frå 2007 og medlemmene vert valt for 2 år av gangen.. UR har seks representantar og vert valt av elevar i 8-10. kl på ungdomssteget i Samnanger. Ordførar og Barnas representant er medlemmer med møte og tale rett i UR. UR vel sjølv sin leiar og sekretær for valperioden.

UR bør ha minst 4 møte i året og medlemmene får ei møtegodtgjersle på kr. 100 pr. møte.

Det skal vidare sjåast på korleis barnesteget framleis skal høyrast og orienterast i saker som vedkjem dei.

0017/07

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN - FORLENGING AV PLANPERIODE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune forlengar planperioden for den kulturelle skulesekken ut skuleåret 2007/2008. Planen vert teke opp til full revisjon av det nyvalde Utval for oppvekst og omsorg.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune forlengar planperioden for den kulturelle skulesekken ut skuleåret 2007/2008. Planen vert teke opp til full revisjon av det nyvalde Utval for oppvekst og omsorg.